

# **Skrive- og leseopplæringa ved Flem skule**

Her er ei orientering til foreldra til elevane på 1. årstrinn om korleis vi driv med skrive- og leseopplæring.

## **Mål etter 1. årstrinn:**

Elevane skal kunne:

- Uttrykke seg munnleg
- Oppløve at det er samanheng mellom tale og skrift
- Ha eit funksjonelt blyantgrep
- Ha lært dei grunnleggande begrepa etter Magne Nyborg sin modell – Knytt til Tuba Luba opplegget
- Kjenne bokstavane og språklydane deira
- Kunne lese og skrive ca 20 ordbilete
- Kunne bruke tastaturet aktivt som hjelpemiddel i opplæringa

## **Metode:**

### **HAUST:**

- Elevane har Tuba Luba som læreverk. Dette legg sterkt vekt på å gi opplæring i Magne Nyborg sin begrepsmodell. I alt er det ca 25 begrep. Desse tek sikte på å gi elevane eit redskap som dei treng for vidare læring. Forsking viser at ved å gi elevane eit språk til å beskrive bokstavane, vert det lettare å lære og hugse dei.
- Skrive- og leseopplæringa er også basert på å lære ordbilete. I alt er det ca 20 ordbilete. Kvar veke blir det presentert eit nytt ordbilete med ei forteljing til. Det blir deretter jobba utover i veka med dette ordet på ulike måtar. Det blir også heimelekse å øve på å lese og skrive ordet. Målet er at etter kvar veke skal eleven kjenne att vekas ord.

Orda er: mor, far, ola, eli, are, sol, bil, is, lam, båt, jon, pus, hus, gås, dør, lys, bok, pære, vase, cola.

Med desse orda får elevane kjennskap med dei viktigaste bokstavane i alfabetet. Bokstavane i orda er lette å drage

saman til ord fordi dei er bygd opp etter vokal-lesingsprinsippet. (annakvar bokstav er vokal)

- Etterkvart som ein del småord er på plass, vil elevane få små leselekser.

## **VÅR:**

- Systematisk innføring av bokstavane. Her nyttar vi m.a. heftet "Leik med bokstavar" der elevane jobbar med ein bokstav i veka.
- Auka utfordring på leseleksene – vanskegrad tilpassa den enkelte. Gradvis innføring av leselekse med små bokstavar etterkvart som eleven meistrar desse.
- Kvar veke har vi språkverkstad på skulen. Her jobbar elevane med språkutvikling i aldersblanda grupper.
- Aktiv bruk av datamaskinen til bokstavinnlæring og tekstskaping. Til dømes lage bokstavbøker, ordbøker, små forteljingar med teikning til. Forskning viser at aktiv bruk av skriving på pc i lese- og skriveopplæringa, gir positive læringsresultat.
- Trening i friskriving i loggbok etter verkstad/uteskule

Besøk på bibliotek og deltaking i leseaksjonar for å auke leselysta!

## **Oppfølging heime:**

- Det er viktig med eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule. Det er forventa, og avgjerande for læringa, at foreldra støttar eleven med heimearbeidet. Kvar fredag får elevane ein ny vekeplan. Her står læringsmål for veka, heimearbeid og elles viktig informasjon.
- Det er viktig at heimearbeidet opplevast som overkomeleg for eleven og at det er lystbetont å gjere lekse. Ver ikkje redd for å ta kontakt med skulen dersom mengda opplevast for stor/lita eller at arbeidet er for vanskeleg/lett.
- Etterkvart som elevane lærer ein del bokstavar og ord, vil dei få enkle leselekser som dei må øve på heime. Det er forventa at foreldra jobbar saman med elevane heime med denne. La elevane lese heile lekse, men plukk også gjerne ut enkelte ord

i tekstane og les dei i tilfeldig rekkefølge. Dette er god trening, og ein unngår at leseleksa berre blir ”utanattlæring”

## **Skrive- og leseopplæringa ved Flem skule**

Her er ei orientering til foreldra til elevane på 2. årstrinn om korleis vi driv med skrive- og leseopplæring.

### **Mål etter 2. årstrinn:**

Elevane skal kunne:

- Ha knekt lesekode, lese og forstå enkle tekstar
- Kunne lydane og skrive alle bokstavane i alfabetet, både store og små
- Kunne diftongane
- Bruke dei små bokstavane når dei skriv
- Skrive tekstar på data og lese dei

### **Metode:**

#### **HAUST:**

- Elevane har Tuba Luba som læreverk. Dette består av 2 lesehefte og 3 bokstavhefte.
- Det blir jobba grundig med ein bokstav i veka o,l,a,s,e,i,b,m,r,f,u,k – er bokstavane før jul  
Elevane jobbar med å skrive desse rett og lage små ord med dei
- Elevane har leselekse heime kvar dag
- Trening i friskriving i loggbok etter verkstad/uteskule

#### **VÅR:**

- Det blir jobba grundig med bokstavane å,t,n,p,ø,v,h,g,y,d
- Oppgåver for å lære diftongane
- Kvar veke har vi språkverkstad på skulen. Her jobbar elevane med språkutvikling i aldersblanda grupper.

- Aktiv bruk av datamaskinen til bokstavinnlæring og tekstskaping. Til dømes lage bokstavbøker, ordbøker, små forteljingar med teikning til. Forskning viser at aktiv bruk av skriving på pc i lese- og skriveopplæringa, gir positive læringsresultat.
- Trening i friskriving i loggbok etter verkstad/uteskule
- Nytte leseaksjonar og biblioteksbesøk – som motivasjon for auka lesing og leselyst.

## Oppfølging heime:

- Det er viktig med eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule. Det er forventa, og avgjerande for læringa, at foreldre støttar eleven med heimearbeidet. Kvar fredag får elevane ein ny vekeplan. Her står læringsmål for veka, heimearbeid og elles viktig informasjon.
- Det er viktig at heimearbeidet opplevast som overkomeleg for eleven og at det er lystbetont å gjere lekse. Ver ikkje redd for å ta kontakt med skulen dersom mengda opplevast for stor/lita eller at arbeidet er for vanskeleg/lett.

## Skrive- og leseopplæringa ved Flem skule

Her er ei orientering til foreldre til elevane på 3. årstrinn om korleis vi driv med skrive- og leseopplæring.

## Mål etter 3. årstrinn:

Elevane skal lære:

- Lese lengre tekstar med flyt og samanheng.
- Utvide ordforrådet og få betre innhaldsforståing.
- Kunne diftongane, og ein del rettskrivingsreglar.
- Kjenne att ordklassene substantiv, verb og adjektiv.
- Kunne spørjeorda, samansette ord, konsonantar og vokalar.
- Bli bevisste på når ein skal bruke dobbel konsonant.
- Skrive tekstar på data og legge til bilete.
- Kunne gjere greie for setning, avsnitt, punktum og spørjeteikn.
- Tileigne seg faktastoff og kunne lese ein instruks.

- Bruke små og store bokstavar naturleg i tekst, hugse stor bokstav etter punktum og i særnamn.

## **Metode:**

- Elevane har Tuba Luba som læreverk. Det er 2 lesebøker og 2 oppgåvehefte. Desse blir det jobba med både heime og på skulen.
- Elevane har leselekse heime kvar dag.
- På skulen har elevane tilgong på lesestoff som er tilpassa den einskilde sitt lesenivå.
- Kvar veke har vi språkverkstad på skulen. Her jobbar elevane med språkutvikling i aldersblanda grupper.
- Aktiv bruk av datamaskinen, små forteljingar med teikning til. Forskning viser at aktiv bruk av skriving på pc i lese- og skriveopplæringa, gir positive læringsresultat.
- Trening i friskriving i loggbok etter verkstad/uteskule
- Kvar veke har vi språkverkstad på skulen. Her jobbar elevane med språkutvikling i aldersblanda grupper.
- Nytte leseaksjonar og biblioteksbesøk – som motivasjon for auka lesing og leselyst.

## **Oppfølging heime:**

- Det er viktig med eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule. Det er forventa, og avgjerande for læringa, at foreldra støttar eleven med heimearbeidet. Kvar fredag får elevane ein ny vekeplan. Her står læringsmål for veka, heimearbeid og elles viktig informasjon.
- Det er viktig at heimearbeidet opplevast som overkomeleg for eleven og at det er lystbetont å gjere lekse. Ver ikkje redd for å ta kontakt med skulen dersom mengda opplevast for stor/lita eller at arbeidet er for vanskeleg/lett.
- Det er forventa at foreldra jobbar saman med elevane heime med leseleksa. La elevane lese heile lekse, men plukk også gjerne ut enkelte ord i tekstane og les dei i tilfeldig rekkefølge. Dette er god trening, og ein unngår at leseleksa berre blir ”utanattlæring”

# Skrive- og leseopplæringa ved Flem skule

Her kjem ei lita orientering om kva mål vi set oss for opplæringa i 4. årstrinn og korleis vi jobbar mot måla:

## Mål etter 4. årstrinn:

### Elevane skal kunne:

- Vere heilt sikre på alfabetet.
- Kunne diftongar og konsonantar.
- Vite kva dobbel konsonant er.
- Kunne skilje mellom spørje og forteljesetningar.
- Kunne ordklassane substantiv, verb og adjektiv, og bøye dei i skjema.
- Vite kva antonym og synonym er.
- Kjenne ordtak og spel.

### Rettskrivingsreglar:

- Kunne bruke dobbel konsonant og kjenne til forenklingsreglar av dobbel konsonant.
- Vite at kort å-lyd som regel vert skriven med bokstaven o.
- Kjenne og kunne skilje mellom språklydane ng og nk og språklydane kj og skj.
- Kjenne til og bruke samansette ord.

### Arbeid med lesing og oppgåver skal føre til:

- Auka lesetempo.
- Utvida ordforråd.
- Større leseforståing.
- Lyst til å lese på eigahand.

### Elevane skal utvikle eigne tekstar ved å:

- Skrive mange små historier ut frå bilete.
- Skrive små vers.
- Lage faktasetningar.
- Lage eventyrsetningar.
- Lage overskrifter.
- Skildre menneske og gjenstandar.

## **Metode:**

- Elevane har Tuba Luba som læreverk. Det er 2 lesebøker og 2 oppgavehefte. Desse blir det jobba med både heime og på skulen.
- Elevane har leselekse heime kvar dag.
- På skulen har elevane tilgong på lesestoff som er tilpassa den einskilde sitt lesenivå.
- Kvar veke har vi språkverkstad på skulen. Her jobbar elevane med språkutvikling i aldersblanda grupper.
- Aktiv bruk av datamaskinen, små forteljingar med teikning til. Forskning viser at aktiv bruk av skriving på pc i lese- og skriveopplæringa, gir positive læringsresultat.
- Trening i friskriving i loggbok etter verkstad/uteskule
- Kvar veke har vi språkverkstad på skulen. Her jobbar elevane med språkutvikling i aldersblanda grupper.
- Nytte leseaksjonar og biblioteksbesøk – som motivasjon for auka lesing og leselyst.

## **Oppfølging heime:**

- Det er viktig med eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule. Det er forventa, og avgjerande for læringa, at foreldra støttar eleven med heimearbeidet. Kvar fredag får elevane ein ny vekeplan. Her står læringsmål for veka, heimearbeid og elles viktig informasjon.
- Det er viktig at heimearbeidet opplevast som overkomeleg for eleven og at det er lystbetont å gjere lekse. Ver ikkje redd for å ta kontakt med skulen dersom mengda opplevast for stor/lita eller at arbeidet er for vanskeleg/lett.
- Det er forventa at foreldra jobbar saman med elevane heime med leseleksa. La elevane lese heile lekse, men plukk også gjerne ut enkelte ord i tekstane og les dei i tilfeldig rekkefølge. Dette er god trening.

